

Eldar Heide 2013:

"Sola og gudane på Tysnesøya".

Chaos 58 (2012), side 49-57.

Sola og gudane på Tysnesøya

Af Eldar Heide

Abstract

Eldar Heide, University of Bergen

The sun and the gods at Tysnesøya

It has long been known that the island of Tysnesøya in Western Norway, with its exceptional concentration of sacral place names around Tysnes, 'the god Týr's headland', is unique within Scandinavian pre-Christian cult. No plausible reason for this has been found. But during the latest years, it has been discovered that Tysnes' location in the landscape is such that it is marked by the sun at all yearly solstices and equinoxes, in the same way each time. This distinguishes the place as a point in the landscape so exceptional that it seems natural to derive Tysnesøya's complex of sacral place names from it. This, however, does not necessarily imply that Tysnes was a place of a cult of the sun or that Týr was a sun god. The extraordinary solar phenomena may have been understood simply as an expression of contact with the divine. From our scant data we cannot tell why the name of Týr is connected to this place, but the least speculative option seems to be that the name reflects contacts with Jutland..

Keywords

Old Scandinavian religion, Týr, sacral place names, Tysnesøya, sun worship.

Det har lenge vore kjent at Tysnesøya i Vest-Noreg med ein eineståande konsentrasjon av sakrale stadnamn stod i ei særstilling innanfor førkristen gudedyrking. Nokon rimeleg grunn til dette har ikkje vore kjend. Men dei siste åra er det oppdaga at neset Tysnes ligg slik i landskapet at det blir markert av sola ved alle dei fire solvendepunkta i året, på same måte kvar gong. Dette skil staden ut som eit så usannsynleg unntak i landskapet at det sannsynlegvis er utgangspunktet for sakralnamnkomplekset.

Det var Magnus Olsen som i *Det gamle norske ønavn Njarðarløg* frå 1905 peika på at norddelen av Tysnesøya har ein eineståande konsentrasjon av stadnamn som fortel om førkristen gudedyrking. *Tysnes* (<gammalnorsk *Týsnes*), som no gjerne blir brukt om heile øya, var opphavleg berre (garden på) neset der gamlekyrkja seinare kom, på nordaustsida av Tysnesvika. Namnet tyder 'neset til guden Týr' (<**TīwaR*; meir om namnetolkinga nedanfor). Grenda som no ligg der blir gjerne kalla *Tysnesgardane* (pers. oppl., Svein Ove Agdestein, mai 2012), medan sjølve neset no heiter *Todneset* (stundom skrivne *Tonneset*), som er uforklart. Der ligg ei stor gravrøys. Midt imot Tysnesgardane, under Dallandsfjellet, ligg ein gard med namnet *Ve* (<*Vé*), som tyder 'den heilage staden' eller 'kultstaden'. Der ligg òg ein gard med namnet *Lunde*, som mange stader er knytt til førkristne offerlundar. I sundet mellom desse stadene og det opphavlege Tysnes ligg bergholmen *Helgasteinen* 'den heilage steinen' (<**Helgisteinn*, oblik kasus **Helga-*). Småøyane nordaust for Tysnesgardane heitte på gammalnorsk *Goðeyjar* 'gudeøyane'. Går vi sørover derifrå, kjem vi til ein *Lunde* til. Sør for den ligg *Vevatnet* (<*Vévatn*), 'det heilage vatnet' eller 'kultvatnet'. Endå lenger sør, på austsida av øya, ligg *Hovland* (<**Hofland*), som tyder 'kulthusgarden'. Med dagens kunnskap kan vi truleg leggja til *Horga* (fem., bunden form eintal, uttala /'horju/), som er ein fjellknaus som ligg der fleire gamle ferdsleveggar møtest på vestsida av øya. Namnet tyder truleg 'det heilage fjellet' eller 'kultfjellet' – det kjem av norrønt *hōrgr* m. 'kultrøys' / 'steinaltar' / 'kultbygning' / 'viss type fjell'.¹ Som ein overbygning over alt dette heitte heile øya i gammal tid *Njarðarløg*, som truleg tyder 'guden Njords lovdøme', alternativt 'Njords vatn'. (I så fall medar det helst på Vevatnet.)

Med desse namna har norddelen av Tysnesøya den sterkaste konsentrasjonen av sakrale stadnamn i landsdelen, kanskje i heile Noreg. Kvifor akkurat dette området? Den typen spørsmål har tradisjonell gransking av sakrale stadnamn i liten grad teke opp. Ein har konsentrert seg om å

¹ Sandnes (1964) avviste at det låg noko religiøst bakom *horg* < *hōrgr* i fjellnamn; desse namna var berre terrengbeskrivande, for forma på desse fjella har ofte mykje felles. Rostvik (1967) sluttar seg til dette synet. Men at det dreiar seg om fjell med ei viss form motseier ikkje at det ligg religiøse førestellingar bakom, tvert imot, for forma det er snakk om finn vi ofte i fjell vi veit det er spesielle førestellingar knytte til. Nordland (1969: 86-90) drøftar fjellmassivet som har den tettaste konsentrasjonen av *horg*-fjell (mellom Voss og Hardanger i Hordaland, Vest-Noreg), og peikar på at ein viktig, gammal ferdsleveg går gjennom dette massivet, og at det er ringa inn av stadnamna *Helgaland*, *Helgaset* (to gonger) og *Helgastølen*. At det er samband mellom *horg*-fjell og gamle ferdsleveggar kan lett konstaterast med gransking av kart over fjellområda i Hordaland. Om dette planlegg eg ein artikkel.

finne ut av kva namn som verkeleg er sakrale og frå førkristen tid, og peika på mønster i utbreiinga av namna. På den måten har ein t.d. påvist at det er ein konsentrasjon av slike stadnamn på Tysnesøya, at Tysnes er einaste Ty-stadnamnet i Vest-Noreg, og at Odin-stadnamn er knytte til Sørøst-Skandinavia og germanske område utanfor Norden.

Det kan i prinsippet vera to slag årsaker til at ein stad har fått eit sakralt namn: Årsaker i samfunnet, og årsaker i naturen / landskapet ikring. Ei årsak i samfunnet kan vera at ein storbonde eller hovding var så mektig at han kunne krevja å ha kult på sin gard, difor bygde han kultbygning på garden, og fastsette at felleskulden i bygda skulle skje der, ikkje der kulden hadde vore før. Eller: Den garden var uansett ein naturleg samlingsstad, sidan hushaldet var så stort og mykje av aktiviteten i bygda var knytt til den garden. Eit vestnorsk døme på årsak i landskapet er *Gudvangen* 'gudeenga' ved *Nærøyfjorden*, der føreleddet *Nær-* truleg er gudenamnet *Njord* (Olsen 1915: 132; Kjær 1919: 119-120). Bakgrunnen for namna er etter alt å døme at landskapet der er noko heilt utanom det vanlege, jamvel i vestnorsk målestokk: Fjellveggene stig meir eller mindre loddrette 1400-1500 meter opp, og det er så trangt mellom dei at når ein ror fjorden, kjennest det mest som ein kan ta borti land med årane på begge sider. I Salten i Nordland finn vi eit anna døme: Saltstraumen er verdas sterkaste tidevasstraum; han renn mellom to øyar, og dei heitte på gammalnorsk *Goðeyjar* 'gudeøyane' (Rygh 1905: 209). Ein annan heilag stad som er spesiell frå naturen si side er den vesle øya *Äjjih / Ukonsaari* (enaresamisk / finsk) i Enaresjøen i Nord-Finland. Namna tyder 'toregudøya', og øya skil seg ut med å vera den einaste av tusentals øyar som ikkje er låg, men reiser seg bratt 30 meter over vatnet (Manker 1957: 292, plansje 338-340). Slike stader som skil seg ut i landskapet er ofte turistmagnetar i dag, fordi dei gjer inntrykk – stundom som om det er ei ubestemmelege kraft der, av førmoderne menneske gjerne oppfatta som eit guddomleg nærvære, og staden dermed som heilag. Her har eg skissert ytterpunkt av dei to årsakstypene. I praksis er det vanlegvis ein kombinasjon av naturårsaker og samfunnsårsaker: Hovdinggarden i ei bygd har hovdingen og det store hushaldet fordi garden ligg på den beste jorda, ved den beste eller einaste hamna, osb. *Nærøyfjorden / Nærøydalen* skil seg ut i samfunnet òg, ferdsleveggen som går der har alltid vore eit uvurderleg bindeledd mellom bygder og regionar, og det same har Saltstraumen.

Så vidt eg har kunna lesa meg til og sjå på tur i området og på kartet, skil ikkje norddelen av Tysnesøya seg ut på nokon av dei nemnde måtane. Landskapet er ordinært (i vestnorsk målestokk), dyrkingsjorda er ikkje betre

enn elles i Sunnhordland, området er ikkje uomgjengeleg i samferdsla, og det er visst ingen spesiell naturressurs der. Det er difor vanskeleg å sjå korleis slike ting skulle kunne forklare konsentrasjonen av sakrale stadnamn.

Men noko som er oppdaga dei siste åra kan det: Med krysspeiling fire gonger i året prikkar sola inn den store røysa på Todneset (det opphavlege *Týsnes*). Det har Svein Ove Agdestein oppdaga med observasjonar gjennom heile 2000-talet; han er teknisk konservator ved Universitetsmuseet i Bergen og har hytte med utsyn rett over Tysnesvika mot Todneset og røysa der og har engasjert seg mykje i arkeologien på Tysnesøya gjennom mange år. Det mest særmerkte fenomenet opptrer ved vintersolkverv, 21. desember: Sola går ned bak fjella inne på Tysnesøya, men kjem etter 20 minutt att i det tronge skaret aust for Dallandsfjellet og skin i 7-8 minutt direkte på røysa, og berre på den, medan resten av bygda ligg i skugge. Dette vart omtala av Rage og Agdestein (2007), men seinare har Agdestein oppdaga at om lag det same tek seg opp att tre gonger til kvart år: Sola går ned bak eit fjell, men ein skalk kjem fram unna fjellet og skin nokre få minutt på Todneset, før ho går ned for godt. Det skjer på begge solkverva (ved sommarsolkverv er fjellet Strøno i Os) og ved begge jamdøgera (då er fjellet Dallandsfjellet). Haustjamdøger er den siste dagen i året at dette skjer, og vårjamdøger den fyrste dagen det skjer.²

Sola skin altså berre på Todneset (og ei stripe bak) med ekstranummer ved alle dei fire solvendepunkta i året. I tillegg er ekstranummera på vår- og haustjamdøger det fyrste i sommarhalvåret og det siste i vinterhalvåret. Sannsynlegheita for at eit slikt punkt i landskapet skal finnast kan ikkje vera langt over null. Todneset og staden røysa ligg på er altså heilt eineståande frå naturen si side. Dette er så spesielt, samstundes som dei andre sakralnamnstadene på øya er så lite spesielle, at det ligg nær å tru at det er utgangspunktet for heile sakralnamnkomplekset på Tysnesøya. Den oppfatninga passar med Helgasteinen, som truleg er den av dei andre sakralnamnstadene som er mest spesiell frå naturen si side, og som kan forståast i tilknytning til det same solfenomenet. Helgasteinen er underleg høg og bratt, så liten han er, og han består av berg som er kvitare enn på øyane ikring og på sjølve Tysnesøya. Men det mest slåande med Helgasteinen, seier Agdestein, er at han ofte er opplyst av sola når bygda ligg i skugge fordi det er

² Heile solfenomenet vart omtala i ein populær artikkel i Bergens Tidende ved sommarsolkverv 2012 (Heide og Olsen 2012). Eg har opplysningane frå samtalar med Agdestein i 2011 og 2012, m.a. på ein ekskursjon til Týsnes 2. mai 2012 med tanke på å få til arkeologisk utgraving ikring den nemnde røysa.

skyer over sjølve Tysnesøya. Både Todneset og Helgasteinen er altså stader som på forunderleg vis er opplyste av sola når omlandet ligg i skugge. I gammal tid, då det naturlege lyset var mykje viktigare enn no, ville dette vore svært iaugefallande, for bygda ligg som på tribuneplass i eit kjempestort amfi, med utsyn over sjøen beint mot desse to stadene, og det lyse berget på Helgasteinen forsterkar effekten. Når desse stadene heiter 'gudeneset' og 'den heilage steinen', så er det altså all grunn til å tru at det er på grunn av solfenomena: Dei markerer stadene som eineståande, og då er det naturleg å tenkje seg at folk meinte gudane stod i kontakt med menneskeverda på akkurat desse stadene. Utgangspunktet er i så fall Todneset / *Týsnes*, for det er den staden som er merkt ut med det mest spesielle naturfenomenet, og som fekk kyrkje; dét var det helst dei viktigaste førkristne kultstadene som fekk. Då er det naturleg å oppfatte det slik at Helgasteinen er ein avleggjar av Todneset / *Týsnes*, og at atterglansen frå desse to stadene har gjeve den næraste delen av øya gude-nær status og sakralnamn som følgje av det. Dersom dette stemmer – altså at heile komplekset av sakralstader på norddelen av Tysnesøya spring ut av eit samspel mellom sola og landskapet – så er det, så vidt eg veit, fyrste gongen noko slikt er påvist i Norden.

Mellomleddet mellom solfenomenet og sakralnamna – altså kva slag religiøse førestellingar og religiøs praksis som sprang ut av solfenomenet – kjenner vi ikkje. Men med håp om å finne ut litt av det prøver eg å få til ei arkeologisk utgraving på Todneset / *Týsnes* (Heide og Olsen 2012). Røysa på sjølve sentsenterpunktet er faktisk utgraven to gonger,³ men resultatata seier oss lite, både fordi hovudutgravinga, i 1915, var dårleg arbeid jamvel etter den tids målestokk, og fordi tradisjonell arkeologi uansett ikkje har kunna seia stort om kult utover gravkult. Dei norrøne tekstane er hovudkjelda til gammalnordisk religion, og kjem alltid til å vera det. Men takk vere store metodeframsteg dei siste tiåra er religionsarkeologien no i stand til å gje svært viktige tillegg, og til å sanne fleire av sogene sine kulthusskildringar, som kritikarar har drege

³ Utgravinga i 1915 vart gjord av Eyvind de Lange og i 1965 av Jacob Kvalvaag.

Utgravingrapportane er ikkje publiserte, men all dokumentasjon kan fåast frå De kulturhistoriske samlinger ved Universitetsmuseet i Bergen, medrekna korrespondanse om staden mellom Per Fett ved museet og Olaf Olsen på 1960-talet. Arkeologen Sæbjørg Wallaker Nordeide ved Universitetet i Bergen gjekk gjennom materialet i samband med eit føredrag m.a. om Todnesrøysa på konferansen *Ikke-kristen religion i arkeologi, stedsnavn og landskap*, arrangert av henne og meg i regi av Senter for middelalderstudier, Universitetet i Bergen, 24.-26. april 2012. Eg har mine opplysningar frå kopiar eg har fått hos henne og frå samtalar med henne. Ein del av det arkeologiske materialet er òg presentert av Heggland (1964: 108 ff.), i ei ramme som kunne vore meir nøktern.

i tvil. I Sverige og til dels i Danmark har arkeologane avdekt heile kultanlegg som dekker store område, med kultrøys, små kultbygningar, prosesjonsvegar, kulturlag med tydelege restar av storstilt ofring, osb., på stader som Uppåkra i Skåne, Helgö og Lilla Ullevi i Stockholms-traktene, og Tissø og Gudme i Danmark.⁴ I 2010 vart det fyrste anlegget av denne typen i Noreg funne på Ranheim ved Trondheim (Rønne 2010). Sjansen til å finne eit slikt anlegg på Todneset burde vera god dersom vi undersøker området *ikring* røysa der med moderne metodar.

Likevel bør vi ikkje rekne med å finne vitnemål om kult til sola, for solkult ser ikkje ut til å ha spela noka viktig rolle i Norden i det siste tusenåret av heidendomen (jf. opplysningane hos Simek 2006: 392),⁵ som er den førkristne perioden vi har eit visst eller brukbar kjennskap til, og som det er mest truleg at namnet Tysnes stammar frå. Sant nok kan ein del bilete og gjenstandar frå bronsealderen tyde på solkult den gongen (Kaul 2004), men samansette namn som *Týsnes* blir ikkje rekna for å vera meir enn 1000–1500 år gamle (pers. oppl. Oddvar Nes, Universitetet i Bergen, 15. august 2012), og funna som er gjorde i røysa på Todneset / *Týsnes* kan sjå ut til å vera frå yngre jernalder, seier Sæbjørg Walaker Nordeide (jf. fotnote 3). Når det gjeld gudenamnet Ty, kunne ein tenkt seg at etymologiske motsvar i namn på himmelgudar i andre indoeuropeiske kulturar (m.a. *Zeus*; sjå t.d. Mallory og Adams 2006: 408 ff.) ymta om at Ty var solgud. Men himmelgud er ikkje nødvendigvis det same som solgud, og ingen av opplysningane vi har om Ty knyter han til sola. (Det er heller ingen ting som knyter han til himmelen, utover etymologien, og den kan spegle mange tusen år gamle indoeuropeiske førestellingar som ikkje nødvendigvis levde vidare hos germanarane inn i kjeldetida vår, som så smått tek til med romarane.) Dessutan treng ikkje sakralnamnkomplekset rundt solfenomenet på Todneset / *Týsnes* oppfattast som uttrykk for at Ty var solgud eller at utgangspunktet for komplekset var kult til sola. Ein kan ha tenkt seg at det ekstraordinære solfenomenet ganske enkelt merker Todneset / *Týsnes* ut

⁴ Sjå t.d. Hårdh og Larsson 2007; Zachrisson 2004; Hållans Stenholm 2011; Jørgensen 2008; og Grimm og Pesch 2011.

⁵ Frå ettermellomalderleg norsk tradisjon kjenner vi til at folk på stader som ikkje har sol midtvinters smurde smør på sørveggen av huset fyrste gongen sola viste seg om vinteren, for at ho skulle vera "blid" om sommaren (Olrik og Ellekilde 1951: 997). Men noko som kan tyde på kult til sola på *sentralstader* i førkristen tid finn vi heller ikkje i ettermellomalderleg tradisjon. Av Nordland sitt materiale (1969: 88, 90) går det fram at namn som *Solberg* ikkje nødvendigvis er knytte til solkult, slik Kiil hevda (1936). Det ser heller ut til å dreie seg om smigrande nemningar på stader som ligg i klynger i "makt-ladd" område, på linje med namn på *Smør-* og *Gull-*, som *Gullfjellet*.

som ein heilag stad, altså at sola ikkje er poenget i seg sjølv, berre eit uttrykk for at staden har kontakt med det guddomlege.

Korleis skal vi i så fall forstå namnet Tysnes? Kvifor vart akkurat Ty knytt til denne heilage staden? Det skal straks seiast at namnet Tysnes ikkje nødvendigvis er avleidd av gudenamnet. Jamsides særnamnet *Týr* hadde norrønt nemleg eit samnamn *týr* m. som tydde 'gud generelt', mest bruka i fleirtal, *tívar* (Sigurðsson 2002).⁶ Likevel er det all grunn til å tru at det er særnamnet *Týr* vi finn i *Týsnes*, for dersom tydinga var den generelle 'gudeneset', så burde føreleddet stått i genitiv fleirtal, og namnet i så fall vore **Tívanes* på gammalnorsk. Eintalsforma *Týs-* tyder klårt på at namnet tyder 'neset til guden Ty'. Men korleis kan dette gje meining ut frå det vi veit om Ty? – eller ein eldre versjon av han? I dei norrøne tekstane er Ty særleg nemnd i samband med kamp og mot (i mytar knytte til Fenresulven; Simek 2006: 444-446). Det høver med det tidlegaste vi veit, som er at germanarane ved Rhinen i dei fyrste hundreåra etter Kristus identifiserte Ty med krigsguden Mars; det ser vi av at dei omsette Mars med Ty i vekedagsnamnet tysdag (*dies Martis*; Simek 2006: 70; jf. Wessén 1914: 179; Heide 2008). Det kan tenkjast at dette gjev meining i namnet Tysnes på ein eller annan måte som vi ikkje lenger har kjennskap til – opplysningane våre om Ty er knappe – men det er kanskje enklare å sjå namnet i lys av sambandet ein har sett mellom Ty og tinginstitusjonen: Tysnes ville vera ein naturleg tingstad, sentralt som det ligg i *Hjørðaland*, med gode hamner på begge sider av neset, og det er vél kjent at tinginstitusjonen hadde klare religiøse sider. Ty sitt samband med tinginstitusjonen er likevel uvisst. Det bygger vesentleg på innskrifta *Mars Thingsus* på eit 200-tals romersk altar funne ved Hadrians mur i Nord-England. *Thingsus* er latinisert frå eit germansk **Þing-* (**Þingsaz?*), tydelegvis av germanske leigesoldatar, og då er det naturleg å oppfatte *Mars Thingsus* som = Mars = Ty (de Vries 1956 II: 10-14). Ei anna mulegheit er Magnus Olsen inne på: *Tý* i namnet *Týsnes* speglar ikkje neset på Tysnesøya i seg sjølv, men kven som rådde i området. *Týsnes* er det einaste *Tý*-namnet i Vest-Noreg, medan slike namn er vanlege i Danmark (Olsen 1905: 24), og det er grunn til å tru at den gamle folkestammen *hjørðar*, som gav opphavet til fylket (og før det småkongedømet?) *Hjørðaland*, nokolunde tilsvarende dagens fylke

⁶ Marteinn Sigurðsson går så langt som til å hevde at *Týr* / *týr* ikkje i det heile var ein viss gud, berre eit ord for gud generelt. Men dette går dårleg i hop med dei norrøne mytane om Ty og særleg med at vekedagsnamnet *týsdagr* føreset identifisering med éin, individuell gud. Likevel kan det vera at det i nokre tilfelle (tekststader) dreiar seg om samnamnet *týr* der vi har oppfatta det som gudenamnet *Týr*.

Hordaland, kom frå *Hardsyssel* i Vest-Jylland. Omlydsvokalen *o* i *hørð-*føreset eit eldre **harud-*, og både *Hørðaland* og *Hardsyssel* blir av granskarane sette i samband med folkestammen *harudes*, nemnd i klassiske kjelder (m.a. Olsen 1905: 21). Dersom *harudes* / *hørðar* – i folkevandringstida? – kom til *Hørðaland* frå *Hardsyssel*, der Ty var ein viktig gud, ville det vera naturleg om dei nemnde sentralstaden sin i *Hørðaland* etter Ty. Tysnes ville vera naturleg som den sentralstaden, både pga. solfenomenet (som dei ville fått veta om hos dei som budde der frå før) og fordi staden ligg sentralt i *Hørðaland*. Dessverre er kjeldene våre så knappe at dette ikkje kan bli meir enn spekulasjon.

Litteratur

- Grimm, Oliver og Alexandra Pesch (red.). 2011. *The Gudme / Gudhem Phenomenon* (Schriften des Archäologischen Landesmuseums Ergänzungsreihe Band 6). Papers presented at a workshop organized by the Centre for Baltic and Scandinavian Archaeology (ZBSA), Schleswig, April 26th and 27th, 2010. Neumünster.
- Heggland, Johannes. 1964. *Tysnes - det gamle Njardarlog*. [Tysnes]: Tysnes sogelag.
- Heide, Eldar. 2008. Viking, week, and Widsith. A reply to Harald Bjorvand. *Arkiv för nordisk filologi* 123, s. 23-28.
- Heide, Eldar og Asle Bruen Olsen. 2012. Sola gjer ekstranummer. *Bergens Tidende*, kronikk, 24. juni.
- Hållans Stenholm, Ann-Marie. 2011. Lilla Ullevi - en kultplats. *Makt, kult och plats. Högstatusmiljöer under den äldre järnåldern* (Arkeologi i Stockholms län 5), red. P. Bratt og R. Grönwall, s. 49-56. Nacka: Stockholms läns museum.
- Hårdh, Birgitta og Lars Larsson. 2007. *Uppåkra - Lund före Lund*. Föreningen Gamla Lunds Årsbok: Föreningen Gamla Lund.
- Jørgensen, Lars. 2008. Manor, cult and market at lake Tissø. *The Viking world* (The Routledge worlds), red. S. Brink og N. S. Price, s. 77-82. London: Routledge.
- Kaul, Flemming. 2004. *Bronzealderens religion. Studier af den nordiske bronzealders ikonografi* (Nordiske fortidsminder. Serie B). København: Det Kongelige Nordiske Oldskriftselskab.
- Kiil, Vilhelm. 1936. Er de nordiske Solberg minder om soldyrkelse? *Maal og Minne*, s. 126-175.
- Kjær, A. 1919. *Norske Gaardnavne 12. Nordre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius.
- Mallory, J. P. og Douglas Q. Adams. 2006. *The Oxford introduction to Proto-Indo-European and the Proto-Indo-European world* (Oxford linguistics). Oxford: Oxford University Press.

- Manker, Ernst. 1957. *Lapparnas heliga ställen. Kultplatser och offerkult i belysning av Nordiska museets och Landsantikvariernas fältundersökningar* (Acta Lapponica XIII). Stockholm: Gebers.
- Nordland, Odd. 1969. Valhall and Helgafell. Syncretic Traits of the Old Norse Religion. *Syncretism. Based on papers read at the Symposium on cultural contact, meeting of religions, syncretism held at Åbo on the 8th-10th of September, 1966* (Scripta instituti donneriani aboensis 3), red. S. Hartman, s. 66-99. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Olrik, Axel og Hans Ellekilde. 1951. *Nordens gudeverden. II. Årets ring*. København: Gads forlag.
- Olsen, Magnus. 1905. *Det gamle norske ønavn Njarðarlög* (Christiania Videnskabs-Selskabs Forhandling for 1905. No.5). Christiania: I Commission hos Dybwad.
- 1915. *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* (Videnskapsselskapets skrifter. II, Hist.-filos. klasse, 1914: 4). Kristiania: I kommisjon hos Dybwad.
- Rage, Knut og Svein Ove Agdestein. 2007. Det førhistoriske anlegget på Todneset - horg, gravkammer eller ein kultplass for soldyrking? *Sogeskrift for Tysnes*.
- Rostvik, Allan. 1967. *Har och harg* (Studier till en svensk ortnamnsatlas 11). Uppsala: Almqvist & Wiksell.
- Rygh, Karl. 1905. *Norske Gaardnavne 16. Nordlands amt*. Kristiania: Fabritius.
- Rønne, Preben. 2010. Horg, hov og ve - hedensk kultanlegg. *Spor 2*, s. 32-35.
- Sandnes, Jørn. 1964. Gno hórgr i gardsnavn. *Maal og Minne*, s. 113-120.
- Sigurðsson, Marteinn H. 2002. *Tyr: The One-Handed War-God*. Upublisert doktoravhandling, University of Cambridge.
- Simek, Rudolf. 2006. *Lexikon der germanischen Mythologie* (Kröners Taschenausgabe Band 368. Dritte, völlig überarbeitete Auflage). Stuttgart: Kröner.
- Vries, Jan de. 1956. *Altgermanische Religionsgeschichte* (2. völlig neu bearb. Aufl. Grundriss der germanischen Philologie 12: 1-2). Berlin: de Gruyter.
- Wessén, Elias. 1914. *Zur Geschichte der germanischen N-Deklination*. Uppsala: Akademische Buchdruckerei.
- Zachrisson, Torun. 2004. The holiness of Helgö. *Exotic and sacral finds from Helgö*, red. B. Gyllensvärd, s. 143-175. Stockholm: Atlantis.